



ULEFOSS ROTARY KLUBB

REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
7. desember	2017	Liv Sonja Flolid

Desse møtte: Hans Petter F, Harald, Øystein, Bjørn Eirik, Einar E, Einar K, Per H, Knut, Ola V, Olav Å, Kolbjørn, Odd og Liv Sonja. Monica Juel, påtroppande nytt medlem, var også til stades. Kveldens foredragshaldar Lasse Audunson hadde med ein gjest; Fred Danielsen.

Dagens 3-minutt av Per H. om [kjeftsluket](#), eit samarbeid mellom Ulefos Jernværk og Statens vegvesen. Dette er eit spesiellsluk tilpassa ekstremverstider, for overvatn og flomvatn. Per knytte dette opp mot Cappelen senior sitt arbeid innan industrien.

Lasse Audunson om sin onkel Jakob Sande, om hans liv og virke.




[Onkel Jakob](#) var frå Dale i Sunnfjord. Dei snille dikta hans var dei som vart lese i familien, og mor til Lasse fekk ofte dikt i gåve frå broren sin. Som diktar gjekk [Jakob Sande](#) aldri ”midt i vegen”, heller i grøftene, gjerne i begge samstundes. Lasse Audunson fortel at han ofte var med som veskeberar då onkelen reiste rundt på Vestlandet som opplesar. Det var i desse høva han forstod kor kjent onkelen var som diktar. Sande hadde eit stort sosialt engasjement. Bl.a. uteseglarane under krigen hadde ei sterk stemme i han. Du skal ikkje lese mellom linjene hos Sande, orda han skreiv, var

det han meinte – «ingen tåkedottar»! Sande skreiv ikkje lettvent, han jobba intenst med alle dikta sine, fila og fila på orda, noko som betydde hardt arbeid og djup konsentrasjon!

Jakob Sande utdanna seg til lektor og jobba både i Fredrikstad og seinare på Ullern Gymnas i Oslo. Han gifta seg med ein kollega, Solveig, i Fredrikstad. Dei fekk ei dotter som heiter Siri. Ekteskapet vara ikkje lenge. Det vil seie, dei budde ikkje saman, men vart aldri lovformeleg skild.

Jakob Sande gav ut mange diktsamlingar og nokre novellesamlingar, stort sett på Gyldendal Forlag. Han hadde problem med alkoholen heile livet.

Lasse Audunson gav oss eit nært og frodig møte med onkelen og dikteren Jakob Sande,



han fortalte om opp- og nedturar gjennom livet hans, om kjærleik og sorg, og om kritikken han fekk på det han utgav.

Ein kveld av dei sjeldne for oss som berre kjenner nokre av dikta.

Per H vann vinen og Einar K fekk napp!

Dagen i dag, 7. desember

Navnedag: Halfrid og Hallstein

Det skjedde 7. desember:

1988: 55 000 omkom da Armenia ble rammet av jordskjelv.

1962: Sangerinnen [Kirsten Flagstad](#) døde.

1953: [David Ben Gurion](#) gikk av som statsminister i Israel.

1949: Den amerikanske rockemusikeren [Tom Waits](#) ble født.

1942: Gestapo slo til mot Milorg på Sørlandet.

1941: Japan bombet USA-basen [Pearl Harbor](#) på Hawaii.

1928: Den amerikanske språk pioneren [Noam Chomsky](#) ble født.

1903: [Aurskog-Hølandsbanen](#) ble åpnet.

1732: Covent Garden i London ble åpnet.

Sitatet

«Hemmeligheten med å fly er å kaste seg mot bakken, og bomme.» ([Douglas Adams](#))

Bursdager november og desember:

Haugen Sørby, Mathias 1988-11-23

Eriksen, Per Sanni 1934-11-24

Gustavsen Vea, Ola 1956-12-02

Flolid, Irene 1955-12-08

Stokken, Egil 1954-12-11

Gaathaug, Olav Gaute 1947-12-20

Juel, Nils 1946-12-31

